KONKURRANSEGRUNNLAG

RAMMEAVTALE FOR FIRE ÅR PÅ KJØP AV AVFALLSDUNKAR

Open anbodskonkurranse

Tilbodsfrist: 18. des. 2026 klokka 12.00

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

1. OPPDRAGET

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR). Oppdragsgivar er eit interkommunalt avfallsselskap eigd av kommunane Hareid, Ulstein, Herøy og Sande på Søre Sunnmøre.

1.2 Føremål

Pga. innføring av henteordning for glas- og metallemballasje for hushald i våre kommunar er det behov for ei betydeleg mengde avfallsdunkar. Spesielt stort behov for levering i mars-april 2027. Ein ønsker å få til ein rammeavtale på fire år.

1.3 Kunngjeringar

Anbodet vert kunngjort på Doffin og i TED.

1.4 Tilleggsopplysningar, oppdragsgivar sin kontaktperson

For nærmare oppklaring av våre ynskjer, ta kontakt med oppdragsgjevar.

Dersom tilbydaren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, kan han be om tilleggsopplysningar på e-post til jostein@reinhaldsverket.no

Alle spørsmål / tilleggsopplysningar skal vere merka: **«Rammeavtale avfallsdunkar»** i emnefeltet.

Dersom det kjem ein førespurnad om tilleggsinformasjon i samband med konkurransegrunnlaget, og dette er framsett i tilstrekkeleg tid før tilbodsfristen, skal oppdragsgjevar sitt svar sendast til alle som har motteke konkurransegrunnlaget, seinast 6 dagar før tilbodsfristen.

1.5 Rettingar, tillegg eller endringar i konkurransegrunnlaget

Oppdragsgjevaren har rett til å gjere rettingar, tillegg og endringar av konkurransegrunnlaget, som ikkje er av vesentleg karakter, heilt fram til fristen for levering av tilbod går ut.

Rettingar, tillegg eller endringar skal omgåande sendast til alle som har motteke konkurransegrunnlaget. Opplysningane som oppdragsgjevaren gjev på førespurnad frå ein leverandør, skal også gjevast omgåande til alle dei andre leverandørane.

Dersom rettingane, tillegga eller endringane, som er nemnde i første ledd kjem så seint at det er vanskeleg for leverandøren å ta omsyn til det i tilbodet, skal det fastsetjast ei forlenging av tilbodsfristen. Alle leverandørar skal varslast om forlenginga.

2. ALMINNELIGE REGLAR FOR GJENNOMFØRINGA AV KONKURRANSEN

2.1 Reglar for konkurransen

Konkurransen er regulert av anskaffingslova 17. juni 2016 nr. 69 om offentlege anskaffingar (LOA) og forskrift av 12. august 2016 nr. 974 om offentlege anskaffingar (FOA) del 1 og del III.

2.2 Prosedyre

Denne anskaffinga følgjer prosedyren for "Open anbodskonkurranse".

2.3 Offentleg innsynsrett

Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) av 19.05.2006, som trådde i kraft 01. januar 2009, gir rett til å unndra tilbod og protokoll frå offentleg innsyn, inntil valet av leverandør er gjort. Etter at kontrakt er tildelt, er tilboda offentlege.

Oppdragsgjevar skal likevel ikkje offentleggjere til dømes forretningsløyndomar.

Tilbyder må sjølv opplyse kva deler av tilbodet og kva opplysningar som han ynskjer skal vere unntatt offentlegheit. Vi vil etter eiga vurdering avgjere kva som må vere unntatt offentlege.

2.4 Teieplikt

Oppdragsgjevar og hans tilsette plikter å hindre at andre får tilgang, eller kjennskap, til opplysningar om tekniske installasjonar, framgangsmåtar eller drifts- og forretningstilhøve som det vil vere grunnlag for å halde hemmeleg av konkurransemessige omsyn.

3. KRAV TIL LEVERANDØR

3.1 Generelt

Føremålet med å stille krav til leverandørane sine kvalifikasjonar er å sikre at leverandøren er i stand til å oppfylle ein kontrakt. Tilbydar kan bli avvist dersom dokumentasjon og referansar viser at dette ikkje er sannsynleg. Dersom leverandøren er klar over at opplysningane etter kvalifikasjonskrava kan gi uvisse om leverandøren si evne til å oppfylle ein kontrakt, bør relevant tilleggsinformasjon leggast ved tilbodet.

Alle krav må vere oppfylt for at leverandør skal bli kvalifisert.

3.2 Obligatoriske og ufråvikelege krav

På grunn av nytt anskaffelsesregelverk fra 1.1.2017 (ref. ny anskaffelsesforskrift § 17-1), skal den europeiske «ESPD-tjenesten» brukast til å kvalifisere leverandøren for oppdraget. Dvs. at leverandøren skal svare elektronisk på den ESPD-forespørselen som oppdragsgivar legg ved konkurransegrunnlaget (skjemaet er ein integrert del av «KGV light»).

3.3 Attest for skatt og meirverdiavgift

Krav:
Leverandør må ha ordna forhold til betaling av skatt, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift i henhold til lova.

Dokumentasjonskrav:
For norske leverandørar:
Attest for skatt og meirverdiavgift. Attesten skal ikkje være eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfristen. Eventuelle restansar eller anna misleghald må være grunngjevne.

For utanlandske leverandørar:
Leverandørar som ikkje er etablert i Norge skal levere tilsvarande dokumentasjon frå det offentlege i det landet leverandøren er etablert. Attest skal helst være på norsk, men det kan aksepterast svensk, dansk og engelsk språk.

3.4 Finansiell og økonomisk stilling (levere kredittvurdering)

Dokumentasjonskrav:
Leverandør skal ha tilstrekkeleg økonomisk evne til å kunne gjennomføre kontrakten. Som dokumentasjon skal ein levere kredittvurdering frå «Creditinform» eller liknande. Vurderinga skal ikkje være eldre enn 6 månader. Leverandør skal være kredittverdig.

Nyetablerte selskap: Nyetablerte selskap som ikkje har opparbeidd seg grunnlag for kredittvurdering, må legge ved erklæring frå bank eller liknande finansieringsinstitusjonar angåande firmaets finansielle og økonomiske stilling.

Dette gjelder også utanlandske leverandørar.

4. KRAV TIL TILBODET

4.1 Tilbodets utforming og levering

1) Tilbodet skal bestå av tilbodsbrev som skal være datert, underteikna av person med naudsynt fullmakt og påført firmaet sitt namn. I tilbodsbrevet skal det klart kome fram kven som er leverandøren sin kontaktperson samt kontaktpersonen si stilling, telefonnummer, og e-postadresse.

2) Tilbodet skal vere merka: «**RAMMEAVTALE AVFALLSDUNKAR**».

3) Tilbodet skal leverast elektronisk via KGV (elektronisk konkurransegjennomføringsverktøy).

4) Tilbodet skal vere på norsk.

4.2 Tilbodsfrist

Innleveringsfristen er **18. des. 2026 kl. 12.00.**

Tilbodet skal vere oppdragsgjevaren i hende før utløpet av tilbodsfristen. Tilbod som kjem inn etter dette tidspunktet, vert automatisk avvist.

4.3 Vedståingsfrist

Vedståingsfristen er 3 månader.

4.4 Tilbodet leverast til:

Tilbodet vert levert elektronisk via «KGV» eit elektronisk konkurransegjennomføringsverktøy.

4.5 Atterhald.

Eventuelle atterhald må vere klart og eintydig formulert i tilbodsbrevet. Det må gå klart fram kva atterhalda gjeld og kva økonomiske konsekvensar desse vil kunne få. Det er ikkje høve til å ta atterhald mot grunnleggande element i tilbodsgrunnlaget.

4.6 Alternative tilbod

Alternative tilbod vert ikkje akseptert.

4.7 Endre og tilbakekalla tilbod

Oppdragsgivar kan endre innhaldet i kravspesifikasjon inntil 6 dagar før innleveringsfrist.

4.8 Tilbods- og prisoppsett

Artikkel dunk/utstyr	**Ant.**	**Pris**	**Samla pris**
80L komplett glas-avfallsdunk inkl. ferdig montert RFID grå (RAL 7016) , lokk (RAL 6027)	440		
80L komplett rest-avfallsdunk grå (RAL 7016) , lokk (RAL 9005)	20		
80L komplett papp-avfallsdunk grå (RAL 7016), lokk (RAL 5015)	20		
80L komplett mat-avfallsdunk grå (RAL 7016) , lokk (RAL 6037)	40		
140L komplett glas-avfallsdunk inkl. ferdig montert RFID grå (RAL 7016) , lokk (RAL 6027)	9020		
140L komplett rest-avfallsdunk grå (RAL 7016) , lokk (RAL 9005)	40		

240L komplett papp-avfallsdunk grå (RAL 7016), lokk (RAL 5015)	40		
140L komplett mat-avfallsdunk grå (RAL 7016) , lokk (RAL 6037)	80		
660L komplett glas-avfallsdunk inkl. ferdig montert RFID grå (RAL 7016) , lokk (RAL 6027)	20		
660L komplett rest-avfallsdunk grå (RAL 7016) , lokk (RAL 9005)	10		
660L komplett papp-avfallsdunk grå (RAL 7016), lokk (RAL 5015)	10		
660L komplett mat-avfallsdunk grå (RAL 7016) , lokk (RAL 6037)	2		
1000L komplett rest-avfallsdunk grå (RAL 7016) , lokk (RAL 9005)	5		
1000L komplett papp-avfallsdunk grå (RAL 7016), lokk (RAL 5015)	2		
SUM EKSKL.MVA.	------	----	

PS! Prisane kan indeksjusterast fyrste gong ved overgang til år 2028.

5. BEHANDLINGA AV TILBODA

5.1 Registrering av tilboda

Det vil bli ført protokoll for anskaffinga. Mottaket skjer elektronisk,og ingen tilbod kan opnast før fristen er ute.

5.2 Tilbodsopning

Tilbodsopninga finn stad **18. des 2026 kl.13.00** i oppdragsgjevar sine lokale.

Opninga skal verte utført av minst to representantar for oppdragsgjevaren. Det skal skrivast protokoll frå opninga av tilboda. Leverandøren har ikkje rett til å være til stade ved opninga.

5.3 Avvising av leverandør

Oppdragsgjevaren har plikt til å avvise leverandørar som ikkje har sendt inn tilbodet innan fastsette fristar, samt leverandørar som ikkje oppfyller dei fastsette og kunngjorde kvalifikasjonskrava. Oppdragsgjevaren kan avvise leverandørar som ikkje har sendt inn anna etterspurt dokumentasjon.

5.4 Avvisning av tilbod

Oppdragsgjevaren pliktar å avvise tilbodet når det:

- ikkje er levert innan fastsette fristar
- på grunn av atterhald eller feil, uklare eller ufullstendige tilbod, eller liknande som kan skape tvil om korleis tilbodet skal vurderast i høve dei andre tilboda.

Oppdragsgjevaren kan avvise tilbodet når det:

- ikkje inneheld alle dei opplysningar, oppgåver, prøver mm. som er kravd
- ikkje gjev opp prisen, slik som føresett i konkurransegrunnlaget
- verkar unormalt lavt prisa i høve produktet det er gjeve tilbod på
- ikkje er underteikna

5.5 Retting av openberre feil

Dersom oppdragsgjevaren vert merksam på openberre feil i tilbodet, skal desse rettast, dersom det ikkje er tvil om korleis feilen skal rettast.

6. AVGJERDA AV KONKURRANSEN

6.1 Avlysing av konkurransen og totalforkasting

Oppdragsgivar kan ved sakleg grunn avlyse konkurransen. Ein slik sakleg grunn er at prosjektet vert vesentleg dyrare enn det som er berekna.

6.2 Kriteria for tildeling

Tildelinga vert gjort på grunnlag av kva tilbod som økonomisk sett er det mest fordelaktige, basert på følgjande kriterium:

Pris	50 %
Kvalitetskrav	20 %
Klima- og miljøkrav	30 %

Nærare om tildelingskriteria:

Pris:

Det er den samla prisen under pkt. 4.8 som vert vurdert. Volumet som er merka med raudt skal leverast mars-april 2027. **Prisane for denne leveransen skal inkludere alle omkostningar som frakt**

osv.
Dvs. ein forutset at transportane optimaliserast i forhold til trailerstørrelse.
For dei andre dunkane er mengd eit ikkje-forplikta estimat (prisane er forplikta) for fireårsperioden, men dei er med i totalen på summen som skal vektast.
Fom. 2028 kan prisane om naudsynt indeksregulerast.

Kvalitetskrav:

Det er «EV-krav» i kravspesifikasjonen under del 1 og 2 som det vert gitt poeng og deretter vert vekta, som vert vurdert her.

Klima- og miljøkrav:

Det er «EV-krav» i kravspesifikasjonen under «miljø» som det vert gitt poeng og deretter vert vekta, som vert vurdert her.

Vektinga av tildelingskriteria skal skje på følgjande vis;
I vurderinga blir tilboda gitt poeng frå 1 til 10 for kvart av kriteria. Det tilbodet med den høgaste samanlagde poengsummen, vert vurdert som det mest fordelaktige tilbodet.

NB! Det er leverandøren sin rett og plikt å sjå til at det vert sendt med relevant dokumentasjon som gjer oppdragsgjevar i stand til å vurdere tilbodet i forhold til dei oppgjevne tildelingskriteria. All informasjon som er nødvendig for å vurdere kjøpet skal gå fram av tilbodsbrev. Det skal ikkje være nødvendig å lese vedlagt brosjyremateriell for å finne nødvendig informasjon for kjøpet.

Eventuelle avvik frå kravsspesifikasjonen må også gå klart fram av tilbodsbrevet.

6.3 Innstilling på kontraktstildeling.

Oppdragsgjevaren si avgjerd om kven som får tildelt kontrakt, skal vere skriftleg, og sendast alle deltakarane samstundes i rimeleg tid før kontrakt vert inngått. Med ”kontrakt vert inngått” meiner ein tidspunktet då begge partar underteiknar kontrakten. Meldinga skal innehalde ei grunngjeving for valet og gje ein frist for eventuell innlevering av klage over vedtaket.

Vedlegg 1: Kravspesifikasjon